



hgroneng@gmail.com

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1188 - 16/3014

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
17.02.2016

## Godkjenning- Endring av gitt løyve og igangsetting for heile tiltaket, tilbygg til bustad på gbnr 10/89, Holme

**Administrativt vedtak. Saknr: 44/2016**

### **SAKSUTGREIING:**

Villanger&Sønner AS har på vegne av tiltakshavar søkt om endring av gitt løyve etter Plan- og bygningslova (Pbl) § 20-1. Endringa gjeld bytte av ansvarsrett for ansvarleg søkjar, Elfrida Bull Bene AS har meldt opphør av ansvarsrett, ny ansvarleg søkjar er Villanger&Sønner AS.

Saman med søknad om endring av løyve blir det søkt om igangsettingsløyve for heile tiltaket for oppføring av tilbygg til bustad på gbnr 10/89 på Holme i Meland kommune.

Rammeløyve er gitt i DNT- sak 202/2015 brevdato 15.6.2015.

### **VURDERING:**

#### Planstatus:

Det vert vist til vedtak om rammeløyve med tilhøyrande vurderingar. Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med gjeldande reguleringsplan for Holme- Holmeknappen.

#### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf pbl § 21-3. Føreliggjande søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

#### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart stempla godkjent 10.6.2015 saman med søknad om rammeløyve. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Naudsynt dokumentasjon ligg føre og administrasjonen har ingen merknader til søknaden.

Ansvarsrettar:

Følgjande ansvarsrett gjeld for tiltaket, jf erklæringer om ansvarsrett signert i perioden 15.1-27.1.2016.

Føretak:	Godkjenningssområde:
Villanger&Sønner AS Org. Nr: 925580376	SØK, ansvarleg søkjar for tiltaket, tkl 1 UTF, Utføring av tømrrarbeid og montering av ventilasjonsanlegg, tkl 1
Alfred Mjelde Org. Nr: 970183116	UTF, Etablering av boligens fundament og pipe samt radonsikring, tkl 1
Hjelmås VVS AS Org. Nr: 988410586	PRO, Prosjektering av boligens utvendig og innvendig sanitære installasjoner, tkl 1
MAJO EIGEDOM AS Org. Nr: 9864622929	Kontroll, Kontroll av boligens våtrom og lufttetthet, tkl 1
NORDBOHUS AS Org. Nr: 986953612	PRO, Prosjektering av boligens konstruksjonssikkerhet fundament, radonsikring, våtrom, trekonstruksjoner, tkl 1
SOTRA TAKSTOL AS Org. Nr: 986732799	PRO, Prosjektering av byggverkets takverk, tkl 1

Føretaket har ansvar for at plan- og bygningslova sine krav vert oppfylt og dokumentert innanfor ansvarsområdet, jf pbl § 23-3, 2 ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 endring av gitt løyve for bytte av ansvarleg søkjar for oppføring av tilbygg til bustad på gbnr 10/89 på Holme, i samsvar med søknad journalført 17.2.2016

Meland kommune gjev i medhald av Pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for heile tiltaket for oppføring av tilbygg til bustad på gbnr 10/89 på Holme i samsvar med søknad journalført 27.1 og 17.2.2016

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova.

Byggjeløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9».

#### *Gebyr*

*Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.*

#### *Mynde*

*Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.*

#### *Klage*

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.*

#### *Ansvar*

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### *Bortfall av løyve*

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

20160217125651  
20160217125711

#### **Mottakere:**

hgroneng@gmail.com  
Rune Kristoffersen  
Villanger & Sønner AS

5914

ISDALSTØ

